

Områdeplan for Sulafjellet

Oppdragsgiver
Oppdrag
Rapport type
Prosjektnr.
Dato

Flakk Gruppen AS
Områderuleringsplan Sulafjellet
KU friluftsliv
20087
28.09.2022

KU friluftsliv



				
Prosjekt nr.: 20087		Dato: 28.09.2022		
Status /Rev:	Rev. gjeld:	Dato:	Sign:	KS:
0	1. utkast	28.09.22	IDL	SN
Kontaktinformasjon: Nordplan AS Pb 224 6771 Nordfjordeid Tlf.: 57 88 55 00 www.nordplan.no		Kundeinformasjon: Flakk Gruppen AS Korsegata 8 6002 Ålesund		
Prosjektleder: Steinar Nesdal		Sign:		
Prosjektmedarbeider: Iselin Ditlevsen Løkken		Sign: 		
Kontrollert av: Steinar Nesdal		Sign: 		


Områdeplan Sulafjellet | Konsekvensutgreiing friluftsliv

Innhald:	side
1 Bakgrunn og føremål	3
1.1 Krav, retningslinjer og prosess	4
1.2 Kunnskapsgrunnlag	4
2 Metode	4
2.1 Vurdering av verdi	5
2.2 Grad av påverknad	5
2.3 Konsekvens	6
2.4 O-alternativet	7
3 Influensområde, delområde og brukargrupper	8
3.1 Influensområde og delområde	8
4 Konsekvensvurdering	10
4.1 Delområde 1: Nærfriluftsområde Langevåg	10
4.2 Delområde 2: Sulafjellet nord	15
4.3 Delområde 3: Sulafjellet søraust	20
4.4 Delområde 4: Sulafjellet vest	23
4.5 Samla konsekvens for friluftsliv	28
4.6 Konsekvensar i anleggsperioden	29
5 Usikkerheit	29
6 Referansar	29

1 Bakgrunn og føremål

Flakk Gruppen AS ønskjer å utarbeide ein områdereguleringsplan for Sulafjellet i Sula kommune. Planen som har føremål å legge til rette for etablering av ei gondolbane, med startpunkt ved Devoldfabrikken i Langevåg sentrum og toppunkt på fjellet Rundehornet (727 moh.), sør for sentrum. Det skal etablerast ein mellomstasjon langs gondoltraséen, der planen legg opp til å opne for etablering av alpintraséar og barnetrekk/juniortrekk. På toppunktet er målet å legge til rette for restaurant og utsiktspunkt, zipline og startpunkt for fjellturar.

Planområdet (fig. 1) har ein storleik på om lag 1768 daa, og omfattar eit område som strekker seg frå Langevåg sentrum og opp til Rundehornet på Sulafjellet, i tillegg til området kring Devoldfabrikken, og tilgrensande sjøareal. Vidare følgjer planområdet i gondoltraséen sørover i retning Harhaugen og vidare oppover Sulafjellet til mellomstasjonen, som er plassert nordvest for Svanshornet. Her dreiar gondolbana mot sørvest, og endar i toppstasjonen på Rundehornet. Planområdet strekk seg opp til Vardane, som med 777 moh. er høgste punkt i planområdet. Vidare omfattar planområdet store deler av fjellsida nordaust for Rundehornet. Plangrensa følgjer vidare langs vestsida av Molværselva og inkluderer areal rundt Vasskummen, og vidare nordaustover mot bustadområdet i Harhaugvegen og langs gondoltraséen ned mot sentrum og Devoldfabrikken.



Figur 1: Planområdets avgrensing synt med svart, stipla strek og grøn skravur.

1.1 Krav, retningslinjer og prosess

Tiltaka i områdeplanen er vurdert opp mot *Forskrift om konsekvensutgreiing* (KU-forskrifta), og det er vurdert at tiltaka fell inn under pkt. 12 a i forskriftas vedlegg II, samt forskriftas § 8 for reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader (etter § 10) for miljø eller samfunn.

Tiltaka i planen skal mellom anna vurderast i forhold til:

- Område som er særleg viktig for friluftsliv.
- Dagens bruk av plan- og influensområdet knytt til friluftsliv.
- Større omdisponering av område som er avsett til landbruk-, natur og friluftsmål (LNF-område).
- Konsekvensar for befolkninga si helse, t.d. som følge av vass- eller luftforureining.
- St. mld. 18, 2015-2016 «Friluftsliv – Natur som kjelde til helse og livskvalitet».

Følgande føringar er sett i planprogrammet:

Friluftsliv	Undersøkelse	Hva skal utredes?
Friluftaktiviteten i området og virkning av nye tiltak.	Kartlegging av friluftaktivitet	Det skal i konsekvensvurderinga gjøres greie for hvilke virkninger planlagt utbygging vil kunne få for friluftsliv, både positivt og negativt. Konsekvenser ved økt ferdsel må vurderes. Dagens bruk og ferdselsmønster på Sulafjellet skal synliggjøres.

Figur 2: Utgreiingskrav henta frå planprogrammet.

1.2 Kunnskapsgrunnlag

Vurderingane er basert på synfaring i planområdet, lokalkunnskap og eksisterande kunnskap som er tilgjengeleg i følgjande databasar:

- Norgeskart.
- Miljøstatus.
- Naturbase.
- Stikk UT!
- UT.no.
- Strava.

2 Metode

Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 Konsekvensutredninger for klima og miljø er lagt til grunn for konsekvensutgreiinga. Miljødirektoratet sin rettleiar og metode er forhaldsvis ny, så det er i tillegg sett til utgreiingsmetodikken i Statens vegvesens Håndbok V712 Konsekvensanalyser.

Arbeidet er delt inn i følgjande steg:

- Inndeling i delområde.
- Verdisetting for kvart delområde.
- Vurdering av påverknad for kvart delområde.
- Vurdering av konsekvens for kvart delområde.
- Vurdering av verdi, påverknad og konsekvens for friluftslivets ferdselsårer.
- Vurdering av konsekvens for friluftsliv.

Ei samanstilling av konsekvens for alle klima- og miljøtema er framstilt i planomtalen.

2.1 Vurdering av verdi

Verdisettinga bygger på ei heilskapleg vurdering av delområda sine kvalitetar, basert på samlekategoriene **bruksfrekvens**, **kvalitet** og **funksjon**.

- **Bruksfrekvens:** eit uttrykk for kor mykje og kor ofte eit område blir nytta, uttrykt gjennom en score ut i frå lokale forhold.
- **Kvalitet:** eit uttrykk for attraktivitet og opplevingsverdi. Delområdets eventuelle forvaltningsmessige status, fråvær av tekniske inngrep og moglegheita for å finne stillheit, fred og ro er vesentlege kvalitetar for friluftslivet.
- **Funksjon:** eit uttrykk for om delområdet har nokon form for nøkkelfunksjon eller spesiell betydning for ei gruppe brukarar. T.d. overordna grønstruktur, eigenskapar for spesielle enkeltaktivitetar, tilkomstzone, korridor som sikrar samanheng mellom område, turmål eller liknande.

Tabell 1: Tabell for vurdering av verdi henta frå Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941.

Verdikategori	Ubetydeleg verdi	Noko verdi	Middels verdi eller forvaltingsprioritet	Stor verdi eller høg forvaltingsprioritet	Særs stor verdi eller høgste forvaltingsprioritet
Bruksfrekvens	Mindre bruk	Liten bruksfrekvens	Middels bruksfrekvens	Stor bruksfrekvens	Særs stor bruksfrekvens
Kvalitet	Mindre attraktiv for opphald	Noko opplevingskvalitet	Middels opplevingskvalitet	Stor opplevingskvalitet eller symbolverdi	Svært stor opplevingskvalitet eller symbolverdi Markaområde
Funksjon		Noko verdi som nøkkelfunksjon ut frå plassering	Middels nøkkelfunksjon ut frå plassering Eigna for ein eller fleire enkeltaktivitetar eller som er tilrettelagt for spesielle aktivitetar eller grupper	Spesiell nøkkelfunksjon ut frå plassering Godt eigna for ein eller fleire enkeltaktivitetar eller godt tilrettelagt for spesielle aktivitetar eller grupper Inngår som ein viktig del av eit større friluftslivsområde med regional eller nasjonal betydning	Særs spesiell nøkkelfunksjon ut frå plassering Særs godt eigna for ein eller fleire enkeltaktivitetar eller sær godt tilrettelagt for spesielle aktivitetar eller grupper Vesentleg del av eit større friluftslivsområde med regional eller nasjonal betydning

2.2 Grad av påverknad

Vidare skal det i analysen gjerast ei vurdering av kva grad kvart område blir *påverka* av tiltaket. I omfangsvurderinga nyttast ein skala som angir påverknad på skalaen frå **forbetra** til **sterkt forringa**. Det vurderast om planen eller tiltaket vil verke positivt eller negativt på eit delområde. Der grad av påverknad kan endrast gjennom avbøtande tiltak, og kostnaden for desse er kjend, er dette oppgjeve. Påverknad er vurdert i forhold til situasjonen i 0-alternativet.


Tabell 2: Tabell for vurdering av påverknadsgrad, henta frå Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941.

Planen eller tiltakets påverknad	Forbedra	Ubetydeleg endring	Noko forringa	Forringa	Sterkt forringa
Attraktivitet	Planen eller tiltaket medfører at området blir meir attraktivt.	Planen eller tiltaket medfører ingen eller ein liten reduksjon i attraktivitet.	Planen eller tiltaket medfører redusert attraktivitet.	Planen eller tiltaket medfører sær redusert attraktivitet.	Planen eller tiltaket medfører at området heilt har

					mista sin attraktivitet.
Areal	Planen eller tiltaket medfører at området blir utvida og/eller får positive fysiske endringar.	Planen eller tiltaket medfører ingen eller lite reduksjon i areal og/eller fysiske endringar i området.	Planen eller tiltaket medfører arealbeslag og/eller fysiske endringar som reduserer området.	Planen eller tiltaket medfører arealbeslag og/eller fysiske endringar som i stor grad reduserer området.	Planen eller tiltaket medfører arealbeslag og/eller fysiske endringar som øydelegg området.
Tilgjenge	Planen eller tiltaket medfører at eksisterande barrierar blir fjerna.	Planen eller tiltaket medfører ingen eller lite redusert tilgjenge.	Planen eller tiltaket medfører redusert tilgjenge.	Planen eller tiltaket medfører særst redusert tilgjenge.	Planen eller tiltaket medfører at området blir utilgjengeleg.
Forbindelse og samanheng	Planen eller tiltaket medfører at forbindelseslina blir betre.	Planen eller tiltaket medfører ingen eller ein liten omlegging av forbindelseslina.	Planen eller tiltaket medfører at forbindelseslina blir lengre (medfører noko omveg).	Planen eller tiltaket medfører at forbindelseslina blir vesentleg lengre (omveg).	Planen eller tiltaket medfører at forbindelseslina blir brote.
Lydbilete	Planen eller tiltaket medfører at området får eit betre lydbilete.	Planen eller tiltaket medfører ingen eller liten endring i lydbilete.	Planen eller tiltaket medfører at området får noko dårlegare lydbilete.	Planen eller tiltaket medfører at området får eit mykje dårlegare lydbilete.	Planen eller tiltaket medfører at området blir ubrukeleg pga. sterk støyplage.

2.3 Konsekvens

Vidare i analysen vurderast *konsekvensen* av tiltaket. Dette er gjort ved å samanstille **verdi** og **påverknad**, for å fastsette konsekvensen planen har i kvart delområde (fig. 3). Konsekvensgraden for kvart enkelt delområde eller områdetype grunnleggjast, og dannar grunnlaget for ei konsekvensvurdering av samla konsekvens for friluftsliv.



Figur 3: Konsekvensvifte henta frå Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941.

Konsekvens for friluftsliv er vurdert opp mot 0-alternativet, der 0-alternativet er beskrive som *ein forventa situasjon i planområdet og influensområdet dersom planen ikkje blir gjennomført*. 0-alternativet tek utgangspunkt i dagens miljøtilstand og beskriv den mest realistiske utviklinga i utgreiingsområdet, og inkluderer relevante, vedtekne planar og tiltak i utgreiingsområdet som påverkar framtidig miljøtilstand. Hensikta med å utarbeide 0-alternativet er å tydeleggjere realistisk utvikling i utgreiingsområdet som ikkje skal tilskrивast

den aktuelle planen eller tiltaket. Det skal òg etablerast eit presist samanlikningsgrunnlag for konsekvensar av planen.

Tabell 3: Skala for vurdering av konsekvens for delområdet. Henta frå rettleiar M-1941.

Skala	Konsekvensgrad	Forklaring
----	Særs alvorleg miljøskade.	Den mest alvorlege miljøskaden som kan oppnåast for området. Gjeld kun for område med stor eller særs stor verdi.
---	Alvorleg miljøskade.	Alvorleg miljøskade for området.
--	Betydeleg miljøskade.	Betydeleg miljøskade for området.
-	Noko miljøskade.	Noko miljøskade for området.
0	Ubetydeleg miljøskade.	Ingen eller ubetydeleg miljøskade for området.
+ / ++	Noko miljøforbetring. Betydeleg miljøforbetring.	Miljøgevinst for området. Noko forbetring (+) eller betydeleg forbetring (++)
+++ / ++++	Stor miljøforbetring. Særs stor miljøforbetring.	Stor miljøgevinst for området. Stor (+++) eller særs stor (++++) forbetring. Nyttast i hovudsak der område med ubetydeleg eller noko verdi får ei særs stor verdiauke som følge av tiltaket.

Konsekvensgrad friluftsliv	Kriterie for konsekvensgrad
Kritisk negativ konsekvens	Stor andel av alternativets område har særleg høg konfliktgrad. Vanlegvis fleire delområde med konsekvensgrad særs alvorleg miljøskade (---), og i tillegg store samla verknader. Nyttast unntaksvis.
Særs negativ konsekvens	Stor andel av alternativets område har høg konfliktgrad. Det er delområde med konsekvensgrad særs alvorleg miljøskade (---), og ofte fleire/mange område med alvorleg miljøskade (---). Vanlegvis store samla verknader.
Stor negativ konsekvens	Fleire alvorlege konfliktpunkt for temaet. Ofte vil fleire delområde ha konsekvensgrad alvorleg miljøskade (---).
Middels negativ konsekvens	Ingen delområde med dei høgste konsekvensane, eller desse er vekta lågt. Delområde med konsekvensgrad betydeleg miljøskade (--) dominerer.
Noko negativ konsekvens	Berre ein liten del av alternativets område har konfliktar. Ingen delområde har dei høgste konsekvensgradene, eller desse er vekta låg. Vanlegvis vil konsekvensgraden noko miljøskade (-) dominere.
Ubetydeleg konsekvens	Alternativet vil ikkje medføre vesentlege endringar samanlikna med 0-alternativet. Det er få konfliktar og ingen konfliktar med dei høgste konsekvensgradene.
Positiv konsekvens	Totalt sett er alternativet ei forbetring for temaet samanlikna med 0-alternativet. Det er delområde med positiv konsekvensgrad og berre få delområde med låge negative konsekvensgradar. Dei positive konsekvensgradene veg klårt opp delområda med negativ konsekvensgrad.
Stor positiv konsekvens	Stor forbetring for temaet. Mange eller særleg store/viktige delområde med positiv konsekvensgrad. Kun eitt eller få delområde med låge negative konsekvensgrader, og desse vil klår vegast opp av delområde med positiv konsekvensgrad.

2.4 0-alternativet

0-alternativet representerar forventa situasjon i influensområdet dersom planen/tiltaka i planen ikkje blir gjennomført. 0-alternativet skal vere eit presist samanlikningsgrunnlag for konsekvensar av planen/tiltaka.

0-alternativ

I nordleg del av influensområdet (Langevåg) kan ein forvente utbyggingstiltak dei neste åra. For hyttefeltet ved Molværsvatnet er det regulert ei fortetting av eksisterande hyttefelt med ca

20 fritidsbustader. For øvrig areal innanfor influensområdet er det mindre sannsynleg at det vil kome tiltak som vil føre til tekniske inngrep, større arealbeslag eller stor auke i ferdsle.

3 Influensområde, delområde og brukargrupper

3.1 Influensområde og delområde

Influensområde

Eit *influensområde* er det området eit tiltak er antatt å kunne påverke, og strekk seg i dette tilfellet utanfor planområdets avgrensing. Influensområdet (fig. 4) i denne utgreiinga er avgrensa på bakgrunn av den planlagde gondoltraséen, inkludert start- og toppunkt, planlagt zipline-trasé og alpinbakkane, samt etablerte turstigar og hyttar i nærleiken. Ein gondol vil opne fjellområdet for fleire, og ein kan forvente at deler av Sulafjellet vil kunne påverkast av dette, både positivt og negativt.



Figur 4: Oversiktskart over dei fire delområda som utgjør influensområdet. Plangrense synt med grønt.

Delområde

Planområdet er delt inn i 4 underordna delområde; **Nærfriluftsområde Langevåg, Sulafjellet nord, Sulafjellet vest og Sulafjellet søraust.**

Delområde 1 – nærfriluftsområde Langevåg

Omfattar Langevåg sentrum inkl. Devoldfabrikken, med strandsona mot Langevågen og deler av tettbusetnaden. Mot sør går delområdet over frå tettbusetnad til utmark, med

nærturterreng og utfartsparkering. Området i sør er tresett, og går over til areal med open fastmark lengst sør.

Delområde 2 – Sulafjellet nord

Omfattar nordleg del av Sulafjellet, og består i hovudsak av skog og fjellområde, med turstigar. I stor grad urørt, utan spesielle tekniske inngrep.

Delområde 3 – Sulafjellet søraust

Delområdet ligg i sin heilskap på Sulafjellet, og forutan det etablerte fritidsbustadfeltet aust i delområdet, har området få, tekniske inngrepet. Det ligg fleire viktige turmål og stiar/turvegar innanfor delområdet. Det er ikkje lagt opp til tiltak innanfor delområdet.

Delområde 4 – Sulafjellet vest

Sulafjellet vest består i all hovudsak av urørte fjellområde utan store tekniske inngrep, forutan eit hyttefelt og eit oppdemd vatn i aust. Området har fleire fjelltoppar og turmål, og eit stignettverk som gjev tilgang til Sulafjellet både frå Langevåg, Mauseid og Sulesund. Det er ikkje lagt opp til tiltak innanfor delområdet.

Viktige turstiar/turløyper i influensområdet

Innanfor influensområdet er det registrert fleire viktige turstiar/turløyper, der dei mest brukte er synt i utklippet under. Sti frå Vonhytta til Eltrane, Vonløypa, sti Vonhytta til Rollonhytta er gjeve verdien *særs viktig friluftslivsområde – grøntkorridor*, medan Skalleløypa er gjeve verdien *viktig friluftslivsområde – grøntkorridor*.

Desse er omtalt under dei ulike delområda, og vil ikkje utgreiast i eige delkapittel.




4 Konsekvensvurdering

4.1 Delområde 1: Nærfriluftsområde Langevåg

4.1.1 Skildring av delområde 1


Delområde 1 (fig. 5) omfattar sentrumsområdet frå Devoldfabrikken og småbåthamna i nord, og sørover mot Sulafjellet til lia ovanfor vasskummen. Nordleg del av området er tett utbygd, og består i stor grad av bygningar, parkeringsplassar og vegareal. Nordvestleg del av området har fleire grøne areal mellom busetnaden, men har ikkje ein direkte funksjon retta mot friluftsliv/rekreasjon. Det er ikkje registrert ferdselsårer langs strandsona utover dei som ligg i sjølve sentrumsområdet ved tusenårsstaden og småbåthamna. Sørvest for Geilneset ligg det ei strand som er registrert som badeplass. Molværsvegen (kommunal veg) går gjennom delområdet, og det går tilkomstvegar til bustadområda i sør. Det ligg eit ubebygd område innanfor avgrensinga, Grøndalsmarka, som ifylgje AR5 består av skog, innmarksbeite og fulldyrka mark. Det er ikkje registrert ferdselsårer gjennom dette området utover Grøndalsvegen. Mellom bustadfeltet i Molværsrema og Harhaugen går det eit grøntdrag, og ein snarveg/tursti som kryssar grøntområdet og bind saman bustadområda. Areala sør for bustadfeltet Remane og sør for Harhaugen består i all hovudsak av utmark.



Figur 5: Oversikt over delområde 1 (oransje strek). Planområdet synt med svart strek.

Aust i delområdet ligg Vasset friluft- og idrettspark, som ifylgje Miljødirektoratet er vurdert som *særs viktig friluftslivsområde – nærturterreng* (fig. 6). Området har høg grad av tilrettelegging, og er registrert med stor bruksfrekvens og ganske ofte regionale/nasjonale brukarar. Området består av Vassetvatnet, idrettshall og utandørs fotballbaner og diskolfanlegg. Det ligg og ridesenter, klekkeri og skytebaner/-anlegg innanfor området. Rundt Vassetvatnet går det ein turveg, som òg blir preparert som skiløype vinterstid. Ifylgje Strava sitt heatmap (fig. 8) har turvegen høg bruksfrekvens. Vatnet blir og nytta til både bading, skeiser og fiske, med universelt utforma fiskebrygge. Nordsida av Vassetvatnet har ifylgje Miljødirektoratet status som *statleg sikra friluftslivsområde*. Tilgrensande Vassetvatnet i sør

ligg Sætrevatnet, som har noko mindre bruksfrekvens enn Vassetvatnet.




Figur 6: Oversikt over kartlagde friluftslivsområde innanfor delområde 1.

Frå Langevåg sentrum går det i hovudsak to ferdelsårer mot Sulafjellet; frå Molværsbrauta opp til Vasskummen og via turveg frå Skytebanevegen ved Vasset. Vasskummen er eit populært utfartspunkt for turar opp på Sulafjellet. Her finns offentlege parkeringsplassar, og turstigen Vonløypa har eitt av startpunktane sine her. Vonløypa (fig. 7) er ein tilrettelagt turveg, som ifylgje Miljødirektoratet er gjeve verdien *svært viktig friluftslivsområde – grøntkorridor*, med stor bruksfrekvens og ofte regionale/nasjonale brukarar. Vonløypa har to startpunkt; eit ved Vasskummen og eit ved Skytebanevegen like sør for Vassetvatnet. Turvegane møtes ved Gamlestølen, og fortset vidare opp til Vonhytta (omtalast under delområde 2). Langs Vonløypa finn ein Bukkene bruse-brua som kryssar Molværselva like nedanfor Gamlestølen.



Figur 7: Foto frå Vonløypa. Foto: Nordplan.



Figur 8: Utklipp frå Strava heatmap som syner registrerte fotturar sommar i og tilgrensande delområdet. Gul farge indikerer område med høgast bruksfrekvens.

4.1.2 Vurdering av verdi, delområde 1

Delområde 1 har kvalitetar som leike- og rekreasjonsområde, grøntkorridorar og nærturterreng, med lokalt høg bruksfrekvens og ofte regionale/nasjonale brukarar. Området har viktige utfartspunkt for turar på Sulafjellet, i form av både sentrumsnære stigar og utfartsparkering. Vonløypa er særleg viktig for friluftslivet i Langevåg, då den har høg grad av tilrettelegging og gjev direkte tilgang til Sulafjellet frå sentrum. Vasset friluft- og


idrettsområde har h g grad av tilrettelegging, og opnar for eit variert friluftsliv for mange brukargrupper, heile  ret. Sentrumsområdet har f  tilrettelagte friluftslivselement,  t ver badestranda og sm b thamna. Delområdet bind sentrum saman med fjellet.

Delområdet er verdsett til **stor verdi/h g forvaltingsprioritet**.

Ubetydeleg verdi	Noko verdi	Middels verdi eller forvaltingsprioritet	Stor verdi eller h�g forvaltingsprioritet	S�rs stor verdi eller h�gste forvaltingsprioritet
			�	

4.1.3 Vurdering av p verknad, delomr de 1

Tiltaka som er f resl tt innanfor delomr de 1 (fig. 9) omfattar etablering av botnstasjon for gondol til Rundehornet (727 moh.) og etablering av 6 mastepunkt, der 3 ligg i n rleiken av tettbusetnad, og dei resterande 3 er spreidd oppover lisida mellom Harhaugen og opp til om lag 190 moh. Vidare skal det opparbeidast driftsveg fr  Vasskummen og opp til Gamlest len, samt at parkeringsplassen ved Vasskummen skal utvidast (doblast). Etableringa av driftsveg inneber at det fr  Vasskummen og fram til Vonl ypa m  byggast ny veg. Vidare skal om lag 1,4 km av tras en g  i Vonl ypa.



Figur 9: Oversikt over f resl tte tiltak innanfor delomr det.

I området kring Devoldfabrikken og botnstasjonen er det i planen f resl tt sikring av eksisterande gr ntomr de (naturomr de), og opparbeiding av anna gr nstruktur (park), leikeplass og gangveg. Det er  g f resl tt etablering av fjordsti langs Langev gen, og utviding av eksisterande b tbrygge. Det er lagt til grunn i vurderingane av omr dets n rleik til sj en skal styrkast.

Etableringa av gondoltras  med mastepunkt, luftspenn og gondolvognar vil p verke omkringliggande omr de b de i form av visuelle n r- og fjernverknader, terrengomarbeiding og hogst. Inngrepa vil ha liten p verknad p  friluftsliv nord i delomr det, men s r i delomr det

vil tiltaka kome i område som har få tekniske inngrep i dag og som er vurdert som *særs viktig friluftslivsområde* (Vonløypa). Tiltaka vil gje negative visuelle nær- og fjernverknader for omgjevnadene, og vil kunne svekke opplevinga av områdets verdi som friluftslivsområde i dag. Dei planlagde tiltaka vil og føre til påverknad frå friluftslivet i form av støy, både i anleggs- og driftsfase, som vil bidra ytterlegare til å redusere områdets kvalitetar knytt til stille friluftsliv og urørte naturområde.

Dei fysiske inngrepa innanfor dei kartlagde friluftslivsområde vil vere knytt til utbetringa av Vonløypa og bruken av denne som driftsveg, samt utviding av parkeringsplassen på Vasskummen. Ved Gamlestølen er det føreslått etablering av reinseanlegg, som vil føre til terrenginngrep og aktivitet knytt til drift av reinseanlegget. For dei øvrige kartlagde friluftslivsområda (ved Vasset) vil påverknadene i hovudsak vere i form av visuelle verknader. Aktivitetar med utgangspunkt i Vasset, som t.d. hesteriding, kan bli påverka av aktivitet på Vonløypa viss rideklubben nyttar denne til turar. Etablerte stigar og turveggar mellom Vasset og Sulafjellet skal, med unntak av ei strekning på Vonløypa, ikkje endrast.

Tiltaka vil samla sett ikkje føre til at delområdet endrar områdetype, men arealet som reknast som nærturterreng vil få redusert kvalitet som fylgje av inngrep som mastepunkt og driftsveg, då dette vil gje både fysiske og visuelle verknader. Områda kring Devoldfabrikken/ botnstasjonen vil få ei auke i grønstruktur og turveggar (fjordsti), som vil styrke områdets kvalitetar knytt til rekreasjon og friluftsliv.

Samla vurderast tiltakas påverknad på delområdet å føre til at delområdet vert *noko forringa/forringa*.

Forbedra	Ubetydeleg endring	Noko forringa	Forringa	Sterkt forringa
			↑	

4.1.4 Konsekvens, delområde 1

Basert på vurderingane gjort i kap. 4.1.2 og 4.1.3, er konsekvensen for delområdet 1 vurdert å gje *noko miljøskade*.


Dette er grunngeve med at urørte naturområde får inngrep i form av mastepunkt og driftsveg, som medfører terrengomarbeiding, hogst og anleggsaktivitet i område med status som særs viktig friluftslivsområde (Vonløypa). Attraktiviteten kan bli noko redusert som følgje av inngrepa og av støy, både i anleggsperioden og når gondolen kjem i drift. Samstundes kan auka tilgjenge med gondoltilbodet og større kapasitet på utfartsparkeringa vere positivt for friluftslivsutøvinga. Større trafikk på etablerte stiar/turvegar kan føre til at enkelte område krev tilretteleggingstiltak for å hindre/ redusere slitasje.

	----	Svært alvorleg miljøskade
	---	Alvorleg miljøskade
➡	--	Betydeleg miljøskade
	-	Noko miljøskade
	0	Ubetydeleg miljøskade
	+/++	Noko miljøforbetring Betydeleg miljøforbetring
	+++ /++++	Stor miljøforbetring Særs stor miljøforbetring

4.2 Delområde 2: Sulafjellet nord


4.2.1 Skildring av delområde 2

Delområde 2 (fig. 10) er av Miljødirektoratet kartlagt som eit *markaområde* (Naturbase, kartlagde naturområde), og ligg i hovudsak innanfor område vurdert som *særs viktig friluftslivsområde* (fig. 11). Verdiane er knytt til områdets kvalitetar som større snaufjellområde med merka stignett og lagshytter. Det er registrert i alt to grøntkorridorar innanfor delområdet; Vonløypa som går frå Vasskummen/Vassetvatnet og opp til Vonhytta, og turvegen som går mellom Vonhytta og Mauseid via Rollonhytta. Desse er begge av Miljødirektoratet gjeve verdien *særs viktig friluftslivsområde*.




Figur 10: Oversikt over delområde 2 (raud strek). Planområdet synt med svart strek.

Delområdet utgjer området sør for Gamlestølen, opp til Rundehornet (727 moh.) (fig. 13), Vardane (776 moh.) og Svanshornet (552 moh.). Aust i delområdet ligg Rollonhytta (fig. 14), som er beskrive som eit viktig turmål, særleg for lokalbefolkninga. Frå Mauseid i aust går det ein mykje nytta turveg til Vardane og Vonhytta, forbi Rollonhytta. Stigen har avstikkarar til mellom anna Rundehornet og Svanshornet, og vidare nordover mot Vonhytta og stignettverket på nordsida av Sulafjellet. Området aust for Vardane er mykje nytta til skikøyring vinterstid. Strava sitt heatmap syner at nedste del av turvegen forbi Rollonhytta er mykje brukt til sykling, og at det i tillegg er noko besøk med sykkel på Svanshornet og Vardane. Det ligg to fritidsbustader innanfor delområdet, eit lite stykke nordvest for Svanshornet.



Figur 11: Oversikt over kartlagde friluftslivsområde innanfor delområde 2.

Ifylgje Stikk UT! (turtrim i regi av Sunnmøre friluftsråd og Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal), er det hittil i år registrert 1982 besøk på Svanshornet og 1681 besøk på Vardane. Dette er kun besøk som er registrert i Stikk UT-appen, og ein må rekne med at talet er høigare; DNT antyder i sitt innspel til planen at talet besøkjande truleg er dobbelt. Strava syner òg at Rundehornet er eit populært turmål sommarstid. Stigen Sauageila går mellom turvegen mot Rollonhytta og Svanshornet og ned til Raudåvatnet og busetnaden på Rørstad. Strava syner at denne er mykje nytta.



Figur 12: Utklipp frå Strava heatmap som syner registrerte fotturar sommar, i og tilgrensande delområdet.

4.2.2 Vurdering av verdi, delområde 2

Arealet er gjeve verdien *sær viktig friluftslivsområde* som fylgje av områdets karakter som større snaufjellområde med merka stignett og lagshytter. Delområdet har fleire mykje besøkte fjelltoppar og turmål. Deler av arealet (sørleg del samt eit areal som går mellom Rundehornet og Svanselva ned til om lag 400 moh.) er kategorisert som inngrepsfritt naturområde (INON) sone 2; areal som ligg 1-3 km frå inngrep. I fylkesplanen for INON i Møre og Romsdal er

Sulafjellet utpekt som eitt av atten INON-område. Området har eit nettverk av stigar (fig. 15), der særleg turvegen frå Mauseid forbi Rollonhytta, til Vardane og vidare mot Vonhytta er viktige. Delområdet ligg innanfor område definert som *markaområde*, med stor bruksfrekvens og ofte regionale/nasjonale brukarar. Området er eit særst viktig turområde for lokalbefolkninga. Låg grad av tilrettelegging og få tekniske inngrep gjer at delområdet gjev ei urørt naturoppleving.



Figur 13: Rundehornet. Foto: Nordplan.



Figur 14: Rollonhytta sett frå turvegen mellom Mauseid og Sulafjellet. Foto: Nordplan.

Ubetydeleg verdi	Noko verdi	Middels verdi eller forvaltingsprioritet	Stor verdi eller høg forvaltingsprioritet	Særst stor verdi eller høgste forvaltingsprioritet
				↑


Delområdet er verdisett til stor verdi/høg forvaltingsprioritet/særs stor verdi/høgste forvaltingsprioritet.



Figur 15: Stiar frå Rollonhytta og opp på Sulafjellet.

4.2.3 Vurdering av påverknad, delområde 2

Delområde 2 er det delområdet som i størst grad vil påverkast av fysiske tiltak føreslått i planen. Innanfor delområdet er det føreslått plassert totalt 8 mastepunkt, i tillegg til midtstasjon og toppstasjon. I området mellom toppstasjonen og midtstasjonen er det vidare føreslått eit skianlegg, inkludert nedfartar og ein liten heis (barnetrekk), samt ein zipline frå toppstasjonen og ned til eit område nordvest for midtstasjonen (fig. 16). I tilknytning til toppstasjonen er det tenkt etablert både restaurant og utsiktspunkt, samt tilrettelegging av ein stig mellom Rundehornet og Vardane. Frå Gamlestølen skal det etablerast ny driftsveg, opp til midtstasjonen og toppstasjonen. Totalt areal for ny veg som skal etablerast i delområde 1 og 2 er om lag 3340 m, der det meste av arealet ligg innanfor delområde 2.



Figur 16: Oversikt over foreslåtte tiltak innanfor delområdet (raud strek).

Dei fysiske terrenginngrepa i delområdet vil omfatte etablering av driftsveg frå Gamlestølen og opp til toppstasjonen via midtstasjonen, etablering av mastepunkt, luftspenn og midt- og toppstasjon, alpinnefartar, skiheis og zipline. Driftsvegen som er foreslått kryssar både etablerte turstigar og turveggar i fleire punkt, og går parallelt med stigar store deler av strekninga. Deler av planlagt alpintrasé vil krysse turstigen mot Rollonhytta/Mauseid i to punkt.



Figur 17: Sulafjellet. Foto: Nordplan.

Dei foreslåtte tiltaka vil føre til at området endrar karakter frå markaoområde utan inngrep til betydeleg opparbeidd leike- og rekreasjonsområde. Dei ønska tiltaka legg til rette for eit breiare aktivitetstilbod på Sulafjellet og opnar for at ei større brukargruppe får tilgang til

fjellet. Dette vil kunne auke den menneskelege ferdsla i Sulafjellet, særleg blant dei brukargruppene som ikkje vanlegvis ville tatt turen ut i fjellet. For det tradisjonelle friluftslivet vil dei føreslåtte tiltaka føre til høgare bruksfrekvens og meir slitasje på eksisterande stigar og omkringliggende vegetasjon, samt auka ferdsle i sårbare naturområdet. Delområdets kvalitetar som eit stille fjellområde med få tekniske inngrep vil svekkast, og den einskilde si oppleving av friluftslivet vil endrast. Attraktiviteten for nokre grupper som blir trekt mot tilrettelagde aktivitetar vil auke, medan den vil kunne bli redusert for andre som verdset tradisjonelt friluftsliv og inngrepsfrie område. For ein del brukargrupper som t.d. barnefamiljar, vil truleg kostnader knytt til bruken av anlegga vere ein faktor som spelar inn.

Forbetra	Ubetydeleg endring	Noko forringa	Forringa	Sterkt forringa
			↑	

4.2.4 Konsekvens, delområde 2

Planlagde tiltak er vurdert til å føre til *alvorleg miljøskade* (--) for delområde 2.


	----	Særs alvorleg miljøskade
→	---	Alvorleg miljøskade
	--	Betydeleg miljøskade
	-	Noko miljøskade
	0	Ubetydeleg miljøskade
	+/++	Noko miljøforbetring. Betydeleg miljøforbetring.
	+++ /++++	Stor miljøforbetring. Særs stor miljøforbetring.

Dagens stiar og løypesystem skal oppretthaldast. Der dei bli avskorne som fylgje av driftsvegar eller andre tiltak, vil dei bli tilrettelagd med påkoplingar utan at det medfører store omvegar. Attraktiviteten vil kunne bli redusert, spesielt i anleggsperioden og starten av driftsperioden, fram til såra i terrenget er revegetert. Ljos og støy frå anlegget, samt stor tilstrøyming av folk, kan gje stor negativ verknad og sterkt redusert opplevingsverdi for einskilde brukargrupper.

4.3 Delområde 3: Sulafjellet søraust


4.3.1 Skildring av delområde 3

Delområdet 3 ligg i sin heilskap utanfor planområdet, og utgjer den søraustlege delen av influensområdet (fig. 18). Delområdet omfattar sørleg og austleg del av Sulafjellet, frå Mauseid i aust og opp til Røysahornet i vest, Sundsnipa og Skallen i sør og stigen forbi Djupviksætra og Purketjønna i aust. Store deler av delområdet er av Miljødirektoratet kategorisert som *markaområde*, med verdien *særs viktig friluftslivsområde* (fig. 19). Dette som fylgje av områdets kvalitetar som større snaufjellområde med merka stignett. Vidare er det nordaust i delområdet registrert eit nærturterreng med verdien *viktig friluftslivsområde*; *Fiskerstrandshyttene*. På Eikrem søraust i delområdet, ligg ljosløypa, som er gjeve verdien *særs viktig friluftslivsområde* – *nærturterreng*. Det er kartlagt to ferdselsårar innanfor delområdet, der Taustuløypa/sti Vonhytta til Rollonhytta er gjeve verdien *særs viktig friluftslivsområde* – *grøntstruktur* og Skalleløypa er gjeve verdien *viktig friluftslivsområde* – *grøntkorridor*.



Figur 18: Oversikt over delområde 4 (lilla strek). Planområdet synt med svart strek.


Nordleg del av delområdet er bratt, med helling ned mot Sætrevatnet. Austleg del av delområdet er tresett, men skogen avtek gradvis opp mot om lag 350 moh. Her frå og vidare innover fjellet er området prega av heilandskap. Det ligg fleire mindre og større bekkar i området, men forutan Purketjønna er det ikkje større vatn eller tjern. Det er ifylgje Matrikkelen registrert 7 fritidsbustader innanfor delområde; 3 ved Purketjønna, 3 ved Mausastølen/Humlestølen og ein nedanfor Rørstadstølen. Det ligg to gardsbruk lengst aust i delområdet.



Figur 19: Oversikt over kartlagde friluftslivsområde innanfor delområde 4.

4.3.2 Vurdering av verdi, delområde 3

Delområdet har verdi som eit tilnærma urørt natur-/fjellområde, med stigar direkte frå tettbusetnaden på Mauseid. Store deler av området ligg innanfor areal kartlagt som *særskilt viktig friluftslivsområde*, og omfattar mellom anna turvegen frå Mauseid via Rollonhytta og vidare opp på Sulafjellet. Området har ferdsle både frå Sulebust på sørsida av Sula og frå Mauseid i aust, og er vurdert å ha stor verdi både for lokalbefolkninga og tilreisande. Delområdet er inngangsporten til Sulafjellet for desse områda. Strava sitt heatmap (fig. 20) syner at det vinterstid hovudsakeleg føregår ferdsle via turvegen mot Rollonhytta frå Mauseid, samt via Taustuløypa frå Eikrem. Skalleløypa frå Eikrem til Taustua og Rollonhytta er også ei mykje brukt skiløype, som blir preparert vinterstid når snøforholda legg til rette for det.



Figur 20: Utklipp frå Strava heatmap som syner registrert ferdsle vinterstid, i/tilgrensande delområde 3.

Delområdet er verdisett til stor verdi/høg forvaltingsprioritet.

Ubetydeleg verdi	Noko verdi	Middels verdi eller forvaltingsprioritet	Stor verdi eller høg forvaltingsprioritet	Særskilt stor verdi eller høgste forvaltingsprioritet
			↑	

4.3.3 Vurdering av påverknad, delområde 3

Venta påverknad for delområdet vil i hovudsak omfatte visuelle verknader, særleg frå nordleg del av delområdet kring Purketjønna og stigen som går opp via Djupviksætra, samt mogleg auka ferdsle på dei mest nytta ferdselsårene (turvegen mellom Mauseid, Rollonhytta og Vonhytta).

Basert på vurderingane gjort i kap. 4.3.1 og 4.3.2, er planens påverknad på delområde 3 vurdert å føre til at delområdet vert noko forringa. Dette er grunngjeve med at turvegen/turstiane frå Mauseid er inngangsporten til Sulafjellet, og at ei utbygging vil kunne føre til at området vert mindre attraktivt som friluftsområde, med den konsekvensen av området i mindre grad vert føretrekt som turmål.

Forbetra	Ubetydeleg endring	Noko forringa	Forringa	Sterkt forringa
		↑		

4.3.4 Konsekvens, delområde 3


Planlagde tiltak er vurdert til å føre til *noko miljøskade* for delområdet (-).

----	Svært alvorleg miljøskade
---	Alvorleg miljøskade
--	Betydeleg miljøskade
-	Noko miljøskade
0	Ubetydeleg miljøskade
+/++	Noko miljøforbetring. Betydeleg miljøforbetring
+++ /++++	Stor miljøforbetring. Sær stor miljøforbetring.

4.4 Delområde 4: Sulafjellet vest


4.4.1 Skildring av delområde 4

Delområde 4 (fig. 21) ligg i sin heilskap utanfor planområdet, og danner den vestlege delen av influensområdet. Området er kartlagt som *sær viktig friluftslivsområde – markaområde* (fig. 22) av Miljødirektoratet, som følgje av sin verdi som eit større snaufjellområde med merka stignett. Området har stor bruksfrekvens og ofte regionale/nasjonale brukarar. Vonløypa (*sær viktig friluftslivsområde – grøntkorridor*) ligg innanfor delområdet (fig. 24), og strekk seg frå Gamlestølen til Vonhytta (fig. 26) og vidare mot Vardane (776 moh.). Langs stigen mellom Gamlestølen og Vonhytta ligg hytta til Sulanissen, som er eit populært turmål for barnefamiljar. Vonhytta (er eit populært turmål særleg for lokalbefolkninga, men og for tilreisande. Hytta er drive på dugnad, og held ope kafé alle raude dagar, med moglegheit for overnatting. Frå Vonhytta går det og ein stig mot Grøthornet (650 moh.) og ut til Eltrane i vest, som er gjeve verdien *sær viktig friluftslivsområde – grøntkorridor*.




Figur 21: Oversikt over delområde 4 (oransje strek). Planområdet synt med svart strek.

Nedanfor Vonhytta finn vi òg Langevåg Røde kors si vakthytte, samt eit område med fritidsbustader. Det går ikkje køyreveg fram til hyttene. Området er eit populært turmål både sommar- og vinterstid. Området er nært knytt saman med Vonløypa som går opp frå Langevåg og er eit viktig utgangspunkt for turar opp på Blåfjellet og Grøthornet, og for turar vidare ut mot Eltrane, både sommar og vinter. Området har og forbindelsar sørover mot Sulebust via Sulebakkløypa; ein grøntkorridor som av Miljødirektoratet er vurdert som *særst viktig*. Aust for fritidsbustadene ligg Molværsvatnet (fig. 25), som i samband med etableringa av Langevåg kraftverk sist på 1800-talet, vart vatnet demd opp. Dei mest populære turmåla innanfor delområdet er Blåfjellet (344 moh.), Grøthornet (650 moh.), Flesjehornet (581 moh.) og utsiktspunktet på Eltrane (fig. 23). Store deler av delområdet er kategorisert som INON-område sone 2, som vil seie at området ligg 1-3 km frå tekniske inngrep. Området nyttast til rypejakt, og er ifylgje Sula jeger- og fiskeforeining eit viktig kjerneområde for orrfugl, og derfor eit viktig område for å kunne observere orreleik.



Figur 22: Oversikt over kartlagde friluftslivsområde innanfor delområde 4.



Figur 23: Utklipp frå Strava heatmap som syner registrerte fotturar sommar i og tilgrensande delområdet.

4.4.2 Vurdering av verdi, delområde 4

Delområdet har store kvalitetar knytt til friluftsliv, som eit tilnærma urørt friluftslivsområde med få tekniske inngrep, forutan området kring Vonhytta og fritidsbustadfeltet. Området har fleire turmål i form av både fjelltoppar og hytter, og gjev gode moglegheiter for å oppleve stille naturområde. Området har eit merka stignettverk med forbindelsar både mot Langevåg, Mauseid og Sulebust. Miljødirektoratet si kartlegging av friluftslivsområde syner at delområdet består av område kategorisert som særskilte viktige.



Figur 24: Frå Vonløypa i retning Langevåg.



Figur 25: Molværsvatnet, sett frå vest.



Figur 26: Mot Langevåg. Vonhytta skimtast i bakgrunnen.

Med bakgrunn i kap. 4.4.1 er delområdet vurdert å ha *stor verdi/høg forvaltingsprioritet*.

Ubetydeleg verdi	Noko verdi	Middels verdi eller forvaltingsprioritet	Stor verdi eller høg forvaltingsprioritet	Særs stor verdi eller høgste forvaltingsprioritet
				↑

4.4.3 Vurdering av påverknad, delområde 4

Delområde 4 vil ikkje direkte påverkast av tiltaka knytt til gondolbanen, men både toppstasjon, master og luftspenn vil vere synleg frå deler av området. Dette vil, saman med auka trafikk på stignettverket, redusere kjensla av urørte naturopplevingar. Den menneskelege trafikken kan ventast å auke på stignettverket innanfor delområdet, men truleg vil trafikken konsentrere seg kring dei næraste toppane og utsiktspunkta. Vinterstid kan gondolen opne fjellområdet for fleire skiløparar innover fjellet, og det kan vere aktuelt å preparere skiløypar ut mot Eltrane. Auka bruk av stignettverket og turterrenget, vil ha positivt effekt på friluftslivet for ein del brukargrupper, men redusert attraktivitet for andre som ynskjer å oppleve stillheit i urørt natur. Auka bruksfrekvens kan føre til at enkelte stigar treng tilretteleggingstiltak for å tole auka ferdsle.

Påverknaden vurderast å medføre *noko forringing* av delområdet. Dette er grunngjeve med at turvegen/turstiane frå Mauseid er inngangsporten til Sulafjellet, og at ei utbygging vil kunne føre til at området vert mindre attraktivt som friluftsområde, med den konsekvensen av området i mindre grad vert føretrekt som turmål.


Forbetra	Ubetydeleg endring	Noko forringa	Forringa	Sterkt forringa
		↑		

4.4.4 Konsekvens, delområde 4

Basert på vurderingane gjort i kapitla over, er planlagde tiltak vurdert å føre til *noko miljøskade/betydeleg miljøskade (-/--)*.

	----	Særs alvorleg miljøskade
	---	Alvorleg miljøskade
➡	--	Betydeleg miljøskade
	-	Noko miljøskade
	0	Ubetydeleg miljøskade
	+/++	Noko miljøforbetring. Betydeleg miljøforbetring
	+++ /++++	Stor miljøforbetring. Særs stor miljøforbetring

4.5 Samla konsekvens for friluftsliv



Figur 27: Konsekvensvifte med oversikt over dei samla konsekvensane for kvart delområde (raud sirkel).

Ei samanstilling av konsekvensane for dei einskilde delområde syner at tiltaka i planen vil kunne få **store negative** konsekvensar for friluftsliv i plan- og influensområdet. Det er særleg det tradisjonelle friluftslivet som vil påverkast, og som er utgangspunktet for området verdi som *sær viktig friluftslivsområde*. For moderne friluftsliv vil tiltaka i planen gje positive effektar, då betre tilrettelegging og eit auka aktivitetstilbod vil kunne bidra til å få fleire ut på særleg, særleg barn og unge. Sjølv om tiltaka gjev positive verknader for området, er det vurdert at dei negative verknadene vil vege tyngre. Dette fordi området særst høge verdi som eit lite tilrettelagt og tradisjonelt friluftslivsområde vil bli endra permanent

Tabell 4: Oversikt over samla konsekvensar for friluftsliv.

Delområde	Konsekvensgrad	Forklaring
1 – Nærfiriluftsliv Langevåg	(--)	Fysiske tiltak vil føre til permanente inngrep i nærturterreng og område med verdien særst viktig friluftslivsområde. Utviding av parkeringsplassen vil ha positiv verknad for friluftsliv.
2 – Sulafjellet nord	(---)	Tiltaka vil føre til at området endrar karakter frå markaområde utan inngrep til leike-/rekreasjonsområde med betydelege inngrep. Aktivitetstilbod vil ha positiv verknad for moderne friluftsliv.
3 – Sulafjellet søraust	(-)	Vil ikkje direkte råkast av tiltaka i planen, men vil få negative fjernverknader.
4 – Sulafjellet vest	(-/--)	Vil ikkje påverkast direkte av tiltaka, men vil få negative fjernverknader.

		Auka ferdsle kan redusere området kvaliteter knytt til tradisjonelt friluftsliv. Gondolen gjev betre tilgang til Sulafjellet, både sommar og vinter, noko som er positivt for friluftslivet.
SAMLA KONSEKVENNS	Middels/stor negativ	Tiltaka som planen ynskjer å opne for er samla sett vurdert å føre til middels til store negative konsekvensar for friluftslivet på Sulafjellet. Dette er i hovudsak grunngjeve med området kartlagde verdi som markaområde, med få fysiske inngrep og store verdier for tradisjonelt friluftsliv. Registrert regionalt friluftsområde, og INON-område.

4.6 Konsekvensar i anleggsperioden

I anleggsperioden vil det kunne oppstå negative konsekvensar i form av anleggstrafikk og -arbeid på Vonløypa. Etablering av master og botnstasjon vil føre til noko støy for sentrumsbusetnaden. Det same vil gjelde ved bygging av driftsveg, midtstasjon og botnstasjon, samt øvrige installasjonar knytt til gondol, driftsveg, skibakkar/-heis og zipline. Dette vil midlertidig kunne redusere bruksfrekvens, attraktivitet, arealbeslag og støy. Det vurderast likevel ikkje som truleg at det oppstår varige, negative konsekvensar for friluftsliv som fylgje av anleggsperioden.

5 Usikkerheit

Inndeling i delområde og vurdering av tiltakas konsekvens for kvart delområde, er basert på ei skjønsmessig vurdering etter metoden til Miljødirektoratets rettleiar M-1941. Dei skjønsmessige vurderingane og opplysingane som utgreiinga er basert på, vil alltid medføre ei viss usikkerheit, men er handtert med synfaring, samtaler med lokalkjende og god tilgang til offentlege databasar og tenester.

Konsekvensvurderingane har måtte ta omsyn til ulike brukargrupper, som vil oppleve verknadene av tiltaka på ulikt vis. Til dømes vil tiltaka i planen føre til negative konsekvensar for tradisjonelle friluftslivet, medan det for moderne friluftsliv vil gje positive konsekvensar. Denne vektinga er utfordrande då konsekvensgraden vil avhenge av fleire interesser.

6 Referansar

- Veileder M-1941: Konsekvensutredninger for klima og miljø. Miljødirektoratet, 2022.
- Håndbok V712 Konsekvensanalyser. Statens vegvesen, 2021.
- Meld. St. 18 (2015-2016) Friluftsliv – Natur som kilde til helse og livskvalitet (2016).

